



Bente Myklebust
Hindenesvegen 834
5993 OSTEREIDET

Angående brøyting og strøing på kommuneveg Åsgard og Hindenes

Viser til motteke brev angående brøyting og strøing på kommuneveg Åsgard og Hindenes. Lindås kommune ved vegavdelinga som er ansvarleg for vintervedlikehaldet har vore i kontakt med utførande entreprenør.

Han kjenner seg ikkje heilt igjen i beskrivinga men seier at han vil ta det til etterretning. Entreprenøren vil at brukarane skal vere nøgde med tenesten han yter. Det vil sjølv sagt me i vegavdelinga og.

Eg tykkjer alikevel ikkje entreprenøren skal få all skyld i dette tilfellet. Vegavdelinga i Lindås kommune er smerteleg klar over tilstanden på vegnettet i dette området. Når vegen er i så dårleg forfatning vert det vanskeleg å utføre vintervedlikehaldet tilfredstillande. Dette grunna slagholer og djupe spor i vegdekke og då vert vegen brøyta i midten og på kantane medan snø og slaps ligg igjen i hjulspora. Det vert det same som ubrøyta veg i ettertid.

Du skriv i brevet at bebuarar må ringje til kommunen for å få i gong brøyting og strøing. Slik skal det sjølv sagt ikkje vere. I framtida vil eg be om at De tek kontakt direkte med vegavdelinga, **v/Kjetil Eikefet, 56375000/56375680**. Dette for å sikre at problemet vert teke tak i med ein gong. Eg finn ikkje at det er registrert noko klager her hjå vegavdelinga. Det tykkjer eg er uheldig. Her er det nok manglande rutinar internt i kommunen som er årsaka.

Vil og informere om at det frå 15.10.2015 vert starta opp ein ny kontraktsperiode når det gjeld vintervedlikehald på kommunale vegar. Kanskje me då bør sjå på rutinar rundt utkalling av brøytemannskap slik at me unngår liknande situasjonar i framtida?

Har De innspel i saka eller andre ting De vil ta opp er det berre å ringje. Kontortida er mellom 0730 og 1500.

Med venleg helsing

Kjetil Eikefet
Fagleiar – veg



Lindås Kommune
Teknisk etat
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Vedr kommuneveg Åsgard og Hindenes

Hindenes og Åsgard Grendalag vil på vegne av bebuarane på Hindenes og Åsgard be om at kommunen tar tak i brøyting og strøing av kommunevegane på Hindenes og Åsgard. Slik vi opplever det no blir desse vegane brøyta og strødd for sjeldan, og gjerne ikkje før nokon har ringt og klaga. Det skal ikkje vere slik at ein heile tida må klaga for å få desse tenestene utført. Denne manglande brøytinga og strøinga fører til dårleg framkomst grunna mykje snø og ustrødde vegar.

Vi har inntrykk av at kommunen informerer dei utførande for dårleg, då det i fleire år har vore bebuarar som må ringje i starten av vintersesongen for å få i gong brøyting og strøing. Dette er spesielt eit problem når det kjem inn nye entreprenørar som skal stå for brøytinga.

Vi er klar over at kommunevegane ikkje vert brøyta og strødd like mykje som t.d. fylkesvegane, men vi registrerer at t.d. kommunevegen ned til Vetterstø (på Kløvheim-sida) blir både brøyta og strødd mykje oftare enn kommunevegen ned til Åsgard og Indre/Ytre Hindenes.

Håpar kommunen kan ta tak i dette slik at ein får det til å fungere betre.

Med helsing
for Hindenes og Åsgard Grendalag

